



Boknemnda fotografert på lanseringsdagen ved Rosendal Bokhandel. F.v: Kristian Bringedal, Kristian Hus og Thor Inge Døssland.

**Boka om dokter Haugen har selt svært godt både i og utanom Kvinnherad, melder boknemnda. Per i dag er det ikkje fleire bøker på lager, og det vil difor koma eit nytt opplag med mindre endringar og rettingar. Venteleg vil 2. opplaget bli ferdig i løpet av sommaren. I mellomtida blir det arbeidd med ei nettside om dokteren, der om lag 50 nye historiar om han vil bli publiserte. Kjem det endå fleire historiar inn, vil desse òg koma på nettsida.**

- Tilbakemeldingane er mange og gode, også frå lesarar som ikkje har opplevd Haugen, seier Thor Inge Døssland i boknemnda. Vi er beint fram overvelda over den store interessa i marknaden, og er både glade og audmjuke over at så mange har bidrege med historiar til boka, legg han til.

Døssland og Kristian Olav Bringedal byrja ved juletider i 2014 å publisera historiar på nettstaden *uskedalen.no*om den spesielle distriktslegen, og seinare blei det bokprosjekt av det.

- At vi skulle få inn så mange nye historiar etter at boka kom ut, viser berre at den tidlegare distriktslegen i Kvinnherad langt frå er gløymt. Han sette sine spor og vil bli hugsa lenge enno, seier Døssland, som er glad for at det kjem eit nytt opplag og at det endåtil blir laga ei nettside med mange nye historiar.

Boka er utgjeven av føretaket Skimtviss ved Kristian Hus, som også driv nettstaden med same namn.

Tekst: Kristian Hus  
Foto: Nina Børsheim  
Nett: Kristian Bringedal